



Ruth og Sønneva Hjelmeland kom frå Herøysund for å handle. Bak Jane og Victoria.

**Martabu vil halde ope ut månaden og kan frista md fleire og nye produkt, melder vertinne Jane Haaranes som i dag har selskap av dottera si, Victoria.**

**Det er eit jamnt innsig av kunder, til dømes av 2 frå Herøysund som beklagar at dei har mista butikken sin. Dei kjem til Uskedalen for å handla daglegvarer.**

Jane fotel at ho aktar å halde ope kvar laurdag og sundag til månadsskiftet hvis trafikken ikkje sviktar heilt.

Marit Langballe kjem med ferske bakarvarer og dei har fått mykje nytt på husflidsida. Frå Haugland har det kome meir flatbrød med Skjåk-oppskrift.

Laila Øyjord har kome med dokkekle og ein stor ladning med sokkar. Ove Sæbøe har vore innom med vass-sele og rive

Atskillige fylgjer oppmodinga om å ta ein kaffirast på Sandakaien i helgane

Teksr og foto: Ola Matti Mathisen